

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Fylke: Opland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Etnedal

Emne: Brynet

Bygdelag:

Oppskr. av: Lærer M. Lundstein

Gard: } Heile bygdi

(adresse): Bruflat

G.nr. } Br.nr.

A. ~~Merk av om~~ oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

I SVAR

Her kjenner me ikkje anna namn på denne reidskapen enn bryne. Eit bryne.-Eg brynte. (Eg kvata, seier dei nok mykje attåt lenger nord i Valdres)

Ordet hein har ikkje vore brukt her.

2

I gamal tid var det nok berre brynor av naturstein som bruktest her. Her i bygden finst ikkje naturleg brynestein, det ein veit. Dei mest brukte kom venteleg frå Vågå i Gudbrandsdalen, og vart til vanleg kalla Vågåbrynor, (Vågådult kalla sume dei). Desse Vågåbrynorne var grå av let, og var å få hjå handlararne. No er brynor av kunststein kome meir og meir i bruk.

3

So vidt ein veit, var det vanleg at all reidskap vart slipt fyrst, og etterpå brynt. Mange hadde serskilte slipesteinar til barberknivar.

4

Ingen her veit å fortelja noko om at ljå har vore kvest på annan måte enn ved sliping og bryning.

5

Sende til kvessing av reidskap har vore mykje i bruk her, og er det tildels enno, ikkje på gardane til vanleg, men snikkarane hadde ofte sende. Dei eg har set, har vore av grå brynestein 20-25 cm. lange og 8-9 cm.

2

breide. Elles er det vanlege slipesteinar, som brukast til kvessing både av höveltenner og annan reidskap. Slipesteinen stod og står alltid på sin faste plass heime. Men i utslåttane hadde dei mykje attåt ein mindre stein, som enten stod der året rundt, eller vart teken med heim når slåttan var ferdig. Ingen veit når dei tok til med dette.

6

Ein slipt ljå skulde vara ökti ut. Men var slåttelandet s det steinut eller slåttan sers seig, tok dei gjerne med seg med seg to ljå. Greie seg utan slipe stein var nok uråd.

7

Det vanlege var at ein slåttekar hadde berre eit bryne, men ein veit at der för i tida fanst dei som brukte brukte sandstikke i stadenfor bryne. Det var ei fir-kanta trestikke på skap og storleik som eit bryne, belagt med ei blanding av sand og tjöro. Den siste me veit stött brukte slik sandstikke var Gudbrand Jutulsveen, husmann under garden Rödningen. Han döyde för 50 år sidan.

8-9

Ingen her veit av at dei brukte ta ljåen av orvet når dei slipte. Berre langorv har vore i bruk her. Når ljåen skulde brynast, vart orvet sett upp og ned med toppenden mot marki, og nedre ende mot vinstre armhole, so ljåen vart peikande rett fram frå vinstre oksli av han som brynte.

10

Det fanst nok dei som bar bryne i lumma, og sputta på det kvar gong dei brynte. Men alle som vilde reknast nast för å ha sine saker i orden, hadde og har vass-tett brynebutt. Anna namn enn brynebutt på denne tingen-gen kjenner me ikkje til her. Brynebutten var vanleg gjort i to deler, uthola og deretter felt saman og

3

veira med neverstrimlor. Brynebuttar av blekk og lod
da ihop brukast no mykje. Kor lenge slike har vore i
bruk, kan ein ikkje seia forvist, i 70-80 år kanskje,
meinar ein gamal sláttekar her. Brynebutten hengde em
alltid rett bak, enten i livjord eller i bukselininga

II - 12

At horn av dyr har vore brukt til brynebutt, kjenner
~~At~~ ein ikkje til her. Derimot kunne ein sjå at sume sette
handtak på brynet, og brukte då helst til det ein stubb
av eit geitehorn eller av eit lite anna horn. Dette
helst når brynet var avslege, so det vart for stutt
utan handtak.

13

Hadde dei ikkje butt, men bar bryne i lumma, sputta
dei gjerne på det, men ein såg og at dei brynte turt.

14-15-16

Ein såg stundom at dei laga seg sverte ved å vate
eller sputte på flatsida av ei oks og so gni med
eit bryne. Det var helst når dei lappa sko, at dei
greide seg med sverte på den måte. Slik sverte har
vore i bruk her som middel mot ringorm, men ikkje mot
andre sjukdomar, det ein veit.

(Eg nemner i dette høve at eg i fjor fekk ein ring
orm på eine uvleden (håndleddet) Den vart større og
større. So sa ein at eg skulde ha på brynesverte. Eg
so gjorde. Eg hadde på tre gonger, trur eg det var, og
burte vart han).

17

Det har vore vanleg her å leggja bryne i ei maur-
tubbe, dersom det var lite tess, for hardt til dømes.
Det var dei spm sa at det munte bra, um det låg der
berre nokre dagar, men ein gamal sláttekar eg tala
med om dette, sa at det helst borde liggja der minst
ein heil sumar.

18-19-20.

At bryne tala, at ein sa noko sers når ein sputta på

4
brynet, eller nokor remse skulde segjast fram når ein
brynte, kjenner ein ikkje til her.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 218
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY